

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
433.1	Knut Øyjordet	06.10.21	37/21

SØKNAD FRÅ SJODALEN FJELLGRENDE VELFORENING OM OPPFØRING AV GAPAHUK – NY BEHANDLING

Saksdokument:

Sakene 26/20, 42/20, 6/21 i fjellstyret med saksdokument.

Saksutgreiinga og med vedtak nedanfor er frå siste gongen i saka vart behandla i fjellstyret, dvs. den 4. mars i sak 6/21.

Saksutgreiing:

Velforeninga i Sjodalen Fjellgrend søkte i fjar Statskog om oppføring av ein gapahuk på Pikuthaugen. Velforeninga fekk ikkje løyve frå Statskog, m.a. med bakgrunn i følgjande uttale frå fjellstyret (vedtak i sak 26/20):

I søknad frå Sjodalen Fjellgrend velforening om å setje opp ein gapahuk på Pikuthaugen, så frårår fjellstyret at det blir gjeve løyve. Fjellstyret meiner generelt at det ikkje bør førast opp gapahuker på utsiktspunkt som høgder og toppar. Og i dette tilfelle så ligg høgda også innanfor eit naturreservat. Fjellstyret har ingen merknader til utplassering av nokre benkar på Pikuthaugen. Når det gjeld bålpanne her, så bør dette avklarast med kommunen ved brannvesenet.

Fjellstyret vil sjå positivt på ein søknad om oppsetting av ein gapahuk i nærliggjande område, men utanom verna område og som ikkje kjem i konflikt med bruksrettsinteresser og/eller natur- og friluftsinteresser. Dette kan gjerne vere i nærlieken av vassdrag, og som vil vera til nytte og glede for allmenta.

Velforeninga sendte ny søknad til Statskog med ei anna plassering, dvs. i området ved krysset Griningsdalsvegen og Kampevegen, rett utanfor grensa til Stuttgonglie naturreservat.

Fjellstyret fekk på ny søknaden til uttale og fjellstyret fatta følgjande vedtak i sak 42/20:

Fjellstyret viser til vedtak i sak 26/20 og til vurderinga i saka og har ingen merknader til at Sjodalen Fjellgrend velforening får løyve til å setje opp ein gapahuk på omsøkt plass ved krysset Griningsdalsvegen og Kampevegen.

Etter at fjellstyret si uttale vart kjent, mottok fjellstyret merknad/klage frå seterbrukarane i Griningsdalen. Dei skriv følgjande:

Sjodalen Fjellgrend Velforening har søkt Statskog om oppføring av gapahuk. Vågå fjellstyre har godkjent plassering av denne ved krysset Gamle Griningsdalsvegen/Gamle Kampevegen. For de som ikke er godt kjent i området, er dette krysset plassert godt innenfor geiteenes beiteområde (som er stengt med grind over Sjoa), og om lag 3 km fra den fremste geitesetra. I forbindelse med at DNT-Gudbrandsdalen la frem, og fikk godkjent sine ønsker om oppføring av ny turisthytte ved Strålvatnet, uttrykte vi som geitmelk-producenter i Griningsdalen vår sterke uro. Vi belyste utfordringene og forklarte omfanget av de faktiske konsekvensene dette kunne få for vår drift, dersom resultatet ga økt trafikk rundt setrene. Vågå fjellstyre, sammen

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrne.no

med Vågå kommune, viste felles forståelse for de nevnte utfordringene. De tok ansvar for beiteinteressene, både for oss melkeprodusenter på setrene og for Vågå Tamreinlag, og argumenterte imot oppføring av Dronningsetra, som skulle ligge omlag 6 km unna den innerste geitesetra. DNT-Gudbrandsdal innså vår frykt for å miste næringsgrunnlaget i sommersætring, og trakk sine planer, tross at de hadde alle godkjenninger på plass.

Vi håpet både adferd under, forståelse for og utfall av saken om Dronningsetra skulle gi Vågå fjellstyre intensiver om å vise en viss presedens i kommende saker som skulle omhandle det same området i fremtiden. Og gikk i den tro at det var unødvendig med argumentasjon fra vår side mot annen tilrettelegging som kan føre til økt trafikk inn i Griningsdalen. Det føles unødvendig, men det er kanskje likevel nødvendig å si, at det vil være like problematisk, om trafikken kommer fra ene eller andre siden av dalen. Det kommer stadig nye forslag om tilrettelegging for økt ferdsel i seterområdet Griningsdalen. Sykkelstier, gapahuker og andre forslag har vært på bordet nå i senere tid. Dette kan vi godt forstå, for kulturlandskapet i Griningsdalen er unikt, selv på landsbasis. Senest omtalt i NIBIOS rapport, Setrene i Sjodalen 50 år etter (NIBIO 2019).

Vi som driver melkeproduksjon på setrene i Sjodalen opplever et stort og positivt engasjement blant både lokale folk og fra folk som har kjøpt seg hytte, eller frekventerer mye i området. Likevel bør det nevnes, og understrekkes, at det fordelt på hele Sjodalen i 1969 var 23 aktive setrer. I skrivende stund, er det kun 2 igjen av disse, som fremdeles driver melkeproduksjon på utmark. Begge ligger i Griningsdalen, driver med geit og er forfattere av denne klagen. Vi håper nå på gehør, og at setrenes beiteområde «vernes» for tiltak som kan gi økt trafikk, fra midten av juni til midten av september hvert år, slik at vi kan konsentrere oss om å nytte utmarksressursene, produsere god sommermelk og å slippe å kjempe for vår eksistens som aktive seterdrivere i tide og utide.

Det er vanskelig å «kjempe» vår sak uten å bli oppfattet som bakstreverske og eiersyke på et fantastisk landområde som Sjodalen, men som vi har beskrevet i andre saker tidligere, er geita (i motsetning til ku og sau) et ekstremt sosialt dyr, som henger seg på fot/sykkel-turister, slik at de enten går seg vill, og ellers ikke kommer hjem til melking som vanlig. Marginene for å kunne utnytte beitet i melkeproduksjon på høytytende husdyr så høyt til fjells er svært små. Følgende spørsmål må derfor reises, er det interesse for at geitene skal fortsette å pleie kulturlandskapet i Griningsdalen? Er det et ønske å legge til rette for at de to siste seterdriftene i Sjodalen skal få overleve? Dersom svaret er ja, så er «innsatsen»/oppofrelsen å forøke å begrense den ytre påvirkningen av dyrenes beitemønster, og rett og slett ikke tilrettelegger for folke-trafikk rundt flokkene og setrene i Griningsdalen.

For å oppsummere i klartekst, ber vi om at Vågå fjellstyre og Statskog ikke legger til rette for bygging av gapahuk i dette området, og opprettholder en presedens om at det ikke skal stimuleres til økt trafikk i ellers rundt geitene beiteområder i kommende saker.

Sjodalen Fjellgrend velforening ved leiar Bjørn Bakke har i ein e-post til fjellstyret kome med følgjande merknad til klagen frå seterbrukarane i Griningsdalen:

På vegne av styret i Sjodalen Fjellgrend velforening vil eg koma med nokre merknader til den innkomne klaga frå setereigarane i Griningsdalen. Vi er glade for at det er seterdrift med geit i Griningsdalen. Det er tydeleg at geitene gjer sitt til at dalen ikkje gror att av kjerr og kratt. Det er også triveleg å sjå geitene i sitt rette element og at det er aktiv seterdrift i området.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrrene.no

Vi meiner likevel at ein gapahuk med tenkt plassering ikkje vil kome i konflikt med seterdrifta og at det ikkje vil føre til auka trafikk. Dei som kjem til å bruke gapahuken er dei same som allereie ferdast i området. Gapahuken vil etter vår meinung bli mest brukt om vinteren når det er skiløyper i området og da er ikkje geitene på setrene. Plasseringa er også langt unna sjølve Griningsdalen der geitene oppheld seg (over 1 km frå gapahuken inn til Griningsdalen). Vi kan ikkje koma i hug å ha sett geitene så langt framme i Griningsdalsvegen som der vi har planar om å bygge gapahuken (krysset Griningsdalsvegen/Kampevegen – nedanfor Kampesetra.

Sidan det er kome merknad/klage frå seterbrukarane i Griningsdalen på fjellstyret si uttale, så er det naturleg at fjellstyret tek ei ny behandling av saka, sjølv om det er Statskog som tek endeleg avgjerd i behandlinga av søknaden etter reglane i fjellova. Statskog er kjent med at fjellstyret tek ei ny behandling av saka. Frå kommunen er det også opplyst at løyve til oppføring av gapahuk også må godkjennast av kommunen etter reglane i plan- og bygningslova.

Vurdering:

Slik i ettertid ser ein at saka burde vore forvarsle før behandling i fjellstyret. Dette for å få opplyst om saka slik at enkeltpersonar, lag/organisasjonar med interesser som fjellstyret skal vurdere i ulike arealsaker, som seter-/beiteinteresser i denne konkrete saka, får moglegheit til å gje uttale. I denne saka vart kanskje seterbrukarane tilfeldig kjent med uttala frå fjellstyret gjennom oppslag i media. Spørsmål om å forvarsle ei sak må ein som regel vurdere etter skjønn, og er ofte basert på kjennskap til arealbruken frå saksbehandlar/fjellstyret generelt i eit område. I grunndisponeringssaker eller i arealsaker generelt der ein «tidleg» i saksbehandlinga ser at det opplagt vil vera konflikt med interesser som fjellstyret skal ivareta, som beite-/seterbruks-interesser, så vil fjellstyret normalt ikkje tilrå ein søknad.

I denne konkrete saka så var nok ikkje seterinteressene i Griningsdalen «gløymt», men ein vurderte konfliktane som minimale pga. omsøkt plassering for ein gapahuk og «målgruppa». Som velforeininga uttaler, vil det nok vera dei som allereie brukar området i dag som kjem til å nytte seg av ein gapahuk her, og bli mest brukt om vinteren pga. skiløypenettet. Ein gapahuk rett ved sida av ein open bilveg som Griningsdalsvegen, vil nok ikkje føre til ein «merkbar» meirtrafikk hit i sommarhalvåret frå andre enn dei som «soknar til» området slik som hytteigarar i nærleiken. At det vil blir større utfart både sommarstid og om vinteren frå det nye hyttefeltet etter kvart som det blir utbygd med fleire hytter, må ein rekne med, men denne meirtrafikken vil nok skje likevel uavhengig av ein gapahuk nedafor Kampesetra.

Det er heller ikkje noko merka stignett i nærleiken av omsøkt plass for gapahuken. Men enkelte parkerer ved oppkøyringa til Kampesetra og går tur til Griningsdalskampen eller innover mot/til Ingulsjøen. Trafikken til desse turmåla blir vurdert som lite konfliktsfullt i forhold til geitene på beite i Griningsdalen. Og i området ved Kampesetra elles er det svært lite av husdyr på beite, av og til kjem det over sau frå Stuttgongkampen beitelag sitt beiteområde.

Saka har stilt seg heilt annleis dersom det har vorte søkt om ein gapahuk i sjølve Griningsdalen, nærmare setrene, og som har vore knytt meir til eksisterande stigar mot Griningsdalen frå Birisjøen (Gamle Griningsdalsvegen) og Stuttgonglie, frå Tjønnosdalen eller frå aust som t.d. Søre Nysetra. Sjølve Griningsdalen må pga. geitsetrene generelt

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

skjermast mot tilrettelegging som kan medføre auka turutfart om sommaren. Det gjeld spesielt tur- og sykkelstigar, men også ulike innretningar som kan «tiltrekkje» seg folk. Dette er forhold som fjellstyret sjølv sagt også må «passa på», som «Dronningseter»-saka kan vera eit døme på. Men å samanlikne planane om bygging av «Dronningsetra» med søknaden om denne gapahuken, blir kanskje vel drygt.

Innstilling til vedtak:

Fjellstyret viser til saksutgreiinga, og ser i ettertid at søknaden frå Sjodalen Fjellgrend velforening om ein gapahuk ved krysset Griningsdalsvegen og Kampevegen burde vore forvarsla før behandling i fjellstyret.

Fjellstyret er fullt klar over at seter- og beiteinteresser generelt er svært viktig å ta omsyn til i vurdering av eventuelle konfliktar i grunndisponeringssaker og andre arealsaker. Når det gjeld Griningsdalen, er det ikkje tilfeldig at fellesetrenene for geit vart bygd opp her. Det er gode beiteforhold, men dalen er også bra «skjerma» mot den store trafikken sommarstid i Sjodalen. Som seterbrukarane skriv i merknaden/klaga, er geita meir «sårbar» mot folketrafikk enn sau og storfe fordi den er så «sosial».

I denne konkrete saka blir konflikt med geitsetrene i Griningsdalen og beitebruken ut frå setrene likevel vurdert til å vera liten, primært pga. planlagt plassering av gapahuken, men også fordi den er vurdert til å bli mest brukt i vinterhalvåret da den er tenkt oppført sentralt i skiløypenettet i området, og ikkje i eit «typisk» turstignett. Fjellstyret har vanskeleg for å tru at den vil føre til meir trafikk i sommarhalvåret inn til sjølve Griningsdalen. Fjellstyret kan difor tilrå at Sjodalen Fjellgrend velforening får løyve til å setje opp ein gapahuk på omsøkt plass ved krysset Griningsdalsvegen og Kampevegen.

Dersom velforeninga får løyve frå Statskog og frå kommunen til oppføring av ein gapahuk på omsøkt plass, bør det bli sett opp informasjon om geitsetrene og geitene i Griningsdalen, og med oppfordring om å ta omsyn ved eventuelt planlagt ferdsel vidare inn til Griningsdalen om det er til fots, på sykkel eller med bil. Og skulle det vise seg at gapahuken medfører konfliktar, så kan det setjast vilkår knytt til eit løyve om at den kan bli pålagt fjerna.

Vedtak:

Samrøystes: Behandling av saka blir utsett til etter ei synfaring på forsommaren. Aktuelle partar vil bli invitert til synfaringa.

Steinar Håkenstad var inhabil, og han deltok ikkje i behandlinga av saka.

Ny behandling 06.10.21

Synfaring med fjellstyret vart gjennomført 22. juni, der Ola Kaurstad og Anne Helene Haugen møtte for seterbrukarane, Bjørn Bakke for velforeininga, Hilde Hammer frå Statskog og Laila Nersveen for kommunen.

Innstilling til vedtak:

For behandling av søknaden frå Sjodalen Fjellgrend velforening om ein gapahuk ved krysset Griningsdalsvegen og Kampevegen, meiner fjellstyret nå etter ei synfaring at saka er godt opplyst. Fjellstyret meiner det kan bli gjeve løyve til oppsetting av ein gapahuk på omsøkt

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

plass, men at denne berre kan nyttast i vinterhalvåret. Med bakgrunn i innspel frå seterbrukarane med geit i Griningsdalen, som fryktar meirtrafikk og at geitene kan kome til området der gapahuken er tenkt plassert, så meiner fjellstyret at gapahuken må bli stengd om sommaren så lenge geitene held til i Griningsdalen. Frå velforeninga er det også peikt på at ein gapahuk her vil bli mest brukt om vinteren.

Vedtak:

Med 4 mot 1 røyst:

For behandling av søknaden frå Sjodalen Fjellgrend velforening om ein gapahuk ved krysset Griningsdalsvegen og Kampevegen, meiner fjellstyret nå etter ei synfaring at saka er godt opplyst. Med bakgrunn i innspel frå seterbrukarane med geit i Griningsdalen, som fryktar meirtrafikk med oppføring av ein gapahuk på omsøkt plass, så går fjellstyret imot at det blir gjeve løyve til ein gapahuk her. Fjellstyret viser elles til 2. avsnitt i vedtak i fjellstyresak 26/20.

1 røysta for innstillinga.

Steinar Håkenstad var inhabil, og han deltok ikkje i behandlinga av saka. Marius Haugaløkken møtte som varamedlem for Håkenstad.

Rett utskrift. Går til:

Statskog v/Hilde Hammer
Seterbrukarane i Griningsdalen v/Ola Kaurstad
Sjodalen Fjellgrend Velforening v/Bjørn Bakke

Vågåmo, 06.10.21

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no